



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 22.08.2017
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Margrete Trovåg	Sølvi Dimmen	AP
Per Svein Krøvel	Dan Helge Bjørneset	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Heltne	Planleggar PS 128/17 og 129/17
Regine Solberg Aklestad	Planleggar PS 131/17
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef PS 129/17
Andreea Beleuta	Økonomikonsulent PS 129/17
Svein Berg-Rusten	Konst. helse- og omsorgssjef PS 129/17
Rune Totland	Teknisk sjef OS 120/17
Asbjørn Moltudal	Ass. rådmann OS 119/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 124/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 125/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 126/17	<u>Referatsaker</u>
RS 9/17	Protokoll frå generalforsamling i Voldsfjordkryssing AS
PS 127/17	Planid 2016009. Detaljreguleringsplan for gbr 18/1 - Kapteinsvegen 12. Utlegging til offentlig ettersyn. PBL §12-10 , jf §12-11
PS 128/17	PlanID 2016006 - Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Doktorhaugen gbr 19/24 mf.l.Klage over reguleringsvedtak
PS 130/17	Folkestad skule – nærmiljøanlegg
PS 131/17	Søknad om deltaking som pilotkommune i Folkeetråkk
PS 132/17	Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet i Volda kommune
PS 133/17	Grendautvala i Volda kommune – 2017
PS 129/17	Månadsrapport juni 2017
PS 134/17	Orienteringssaker
OS 114/17	Eigenkapitaltilskot til KLP 2017
OS 115/17	Informasjon om busetting av flyktningar i 2017 og 2018
OS 116/17	Informasjon om endringer i ekteskapsloven – Kommunale vigslar
OS 120/17	Orientering frå teknisk sektor om tryggingstiltak ved badeplass på Årneset
OS 117/17	HVO Mediefag - PROGRAM - INNSTILLING FRÅ ROMGRUPPA 28.JUNI 2017 – Mediebygg
OS 118/17	Årsbudsjett 2018 - Økonomiplan 2018-2021 - Budsjetttrundskriv nr 1



VOLDA KOMMUNE

OS 119/17 **Prosjektrapport - Destinasjon Volda kartleggingsprosjekt
frå Volda Næringsforum**

OS 121/17 **Folkestad ferjekai - toalett**

PS 124/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Dokument delt ut i møtet:

OS 117/17 - Campusutvikling på høgskulen i Volda - Byggjeprogram - høyring.

Det var ingen merknad til innkallinga.

Sakliste

Odd A. Folkestad kom med framlegg om at toalett ved Folkestad ferjekai vert sett på saklista.

Anders Egil Straume reiste spørsmål om status for sambindingsvegen ved Håmyra.

Ordføraren kom med framlegg om at referatsak RS 9/17, Protokoll frå generalforsamling i Voldsfjordkryssing AS, vert lagt fram som orienteringssak på neste formannskapsmøte.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med endring/tillegg frå ordføraren, Odd A. Folkestad og Anders Egil Straume, vart samrøystes godkjent.

PS 125/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 27.06.2017, vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

PS 126/17 Referatsaker

Ordføreren kom med framlegg om at protokollen frå generalforsamlinga i Voldsfjordkryssing AS, vert sett opp som orienteringssak i neste møte. Formannskapet slutta seg til framlegget frå ordføreren.

RS 9/17 Protokoll frå generalforsamling i Voldsfjordkryssing AS

PS 127/17 Planid 2016009. Detaljreguleringsplan for gbr 18/1 - Kapteinsvegen 12. Utlekking til offentlig ettersyn. PBL §12-10 , jf §12-11

Administrasjonen si tilråding:

Framlegg til reguleringsplan planID 2016009-Detaljreguleringsplan for gnr 18 bnr 1- Kapteinvegen 12, slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 4.07.2017, vert å legge ut til offentlig ettersyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova, § 12-10, jf. §12-11.

Handsaming:

Sakshandsamar Per Heltne var til stades under handsaminga av saka.

Fride Sortehaug kom med slikt oversendingsframlegg:

*Ber administrasjonen sjå på gjennomkjøringstrafikken i Kapteinsvegen, i samband med utbygging av nye bueinheiter.
-Er det mogleg og nødvendig med skilting av gjennomkøyrings forbudt i Kapteinsvegen?*

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen og oversendingsframlegget frå Fride Sortehaug vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 22.08.2017:

Framlegg til reguleringsplan planID 2016009-Detaljreguleringsplan for gnr 18 bnr 1- Kapteinvegen 12, slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 4.07.2017, vert å legge ut til offentlig ettersyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova, § 12-10, jf. §12-11.

Oversending til administrasjonen:



VOLDA KOMMUNE

Ber administrasjonen sjå på gjennomkjøringstrafikken i Kapteinsvegen, i samband med utbygging av nye bueinheiter.

-Er det mogleg og nødvendig med skilting av gjennomkøyrings forbudt i Kapteinsvegen?

PS 128/17 PlanID 2016006 - Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Doktorhaugen gbr 19/24 mf.l.Klage over reguleringsvedtak

Administrasjonen si tilråding:

Kommunen finn ikkje at det gjennom klaga kjem fram nye moment ikkje var kjende og vurderte av kommunen i planprosessen og ved kommunestyret si handsaming av saka. Kommunen held fast på sitt vedtask i k-sak 76/17.

Saka vert å sende Fylkesmannen for vidare handsaming av klage.

Handsaming:

Sakshandsamar Per Heltne var til stades under handsaminga av saka.

Per Svein Krøvel reiste spørsmål om habilitet. Han er far til mogleg framtidig brukar av bustadane, jf. fvl. § 6, 1. ledd, b. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Per Svein Krøvel vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 22.08.2017

Kommunen finn ikkje at det gjennom klaga kjem fram nye moment ikkje var kjende og vurderte av kommunen i planprosessen og ved kommunestyret si handsaming av saka.

Kommunen held fast på sitt vedtask i k-sak 76/17.

Saka vert å sende Fylkesmannen for vidare handsaming av klage.

Per Svein Krøvel tok sete.



VOLDA KOMMUNE

PS 130/17 Folkestad skule - nærmiljøanlegg

- 1. I samband med etablering av nærmiljøanlegg ved Folkestad skule, vert det løyvd inntil kr 145 000,- som forskottering av spelemidlar til anlegget. Løyvinga/forskotteringa vert dekt ved ubunde kapitalfond.*
- 2.. Ved utbetaling av spelemidlane skal midlane attendeførast til ubunde kapitalfond.*

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 22.08.2017 til kommunestyret:

- 1. I samband med etablering av nærmiljøanlegg ved Folkestad skule, vert det løyvd inntil kr 145 000,- som forskottering av spelemidlar til anlegget. Løyvinga/forskotteringa vert dekt ved ubunde kapitalfond.*
- 2. Ved utbetaling av spelemidlane skal midlane attendeførast til ubunde kapitalfond.*

PS 131/17 Søknad om deltaking som pilotkommune i Folkeetråkk

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet vurderer det positivt at kommunen søker om å verte pilotkommune for DOGA i arbeidet med å utvikle Folkeetråkk.

Handsaming:

Sakshandsamar Regine Solberg Aklestad orienterte om saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken, Odd A. Folkestad røysta imot.

Vedtak i formannskapet - 22.08.2017:

Formannskapet vurderer det positivt at kommunen søker om å verte pilotkommune for DOGA i arbeidet med å utvikle Folkeetråkk.



VOLDA KOMMUNE

PS 132/17 Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet i Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:

1. *Volda kommunestyre viser til vedteken "Kommuneplan for Volda – samfunnsdelen – 2016 -2028" der det heiter at folkehelse skal vere eit overordna og førande prinsipp og at kommunen skal ha eit "frisk-fokus" og meistringsperspektiv i alt vi gjer.*
2. *Volda kommunestyret meiner at folkehelse- og frisklivsarbeidet treng aktivt og tverrfagleg fokus med god koordinering og involvering av innbyggjarane. Kommunestyret ser det som viktig å vidareutvikle folkehelsearbeidet i tråd med tidlegare tradisjon og ønskjer samstundes å tilrettelegge for god drift av frisklivssentralen i Volda kommune.*

Dette kan gjerast ved å samordne funksjonane som folkehelsekoordinator og frisklivssentral i ei 100 % stilling. Kommunestyret sluttar seg til denne modellen slik den er skissert i saksutgreiinga.

3. *Kommunestyret ber administrasjonen definere målsetting for funksjonen og gjennomføre evaluering, der det som del av evalueringa skal vurderast om målgruppa for Frisklivssentralen sitt arbeid blir avgrensa til barn og unge og deira familiar.*

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 22.08.2017 til kommunestyret:

1. *Volda kommunestyre viser til vedteken "Kommuneplan for Volda – samfunnsdelen – 2016 -2028" der det heiter at folkehelse skal vere eit overordna og førande prinsipp og at kommunen skal ha eit "frisk-fokus" og meistringsperspektiv i alt vi gjer.*
2. *Volda kommunestyret meiner at folkehelse- og frisklivsarbeidet treng aktivt og tverrfagleg fokus med god koordinering og involvering av innbyggjarane. Kommunestyret ser det som viktig å vidareutvikle folkehelsearbeidet i tråd med tidlegare tradisjon og ønskjer samstundes å tilrettelegge for god drift av frisklivssentralen i Volda kommune.*

Dette kan gjerast ved å samordne funksjonane som folkehelsekoordinator og frisklivssentral i ei 100 % stilling. Kommunestyret sluttar seg til denne modellen slik den er skissert i saksutgreiinga.



VOLDA KOMMUNE

- 3. Kommunestyret ber administrasjonen definere målsetting for funksjonen og gjennomføre evaluering, der det som del av evalueringa skal vurderast om målgruppa for Frisklivssentralen sitt arbeid blir avgrensa til barn og unge og deira familiar.*

PS 133/17 Grendautvala i Volda kommune - 2017

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2017.

Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 22.08.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2017.

Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.

PS 129/17 Månadsrapport juni 2017

Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapporten for juni 2017 vert teken til vitende.

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot og sakshandsamar Andreea Beleuta var til stades under handsaminga av saka.

Konst. helse og omsorgssjef Svein Berg-Rusten, orienterte om økonomiske utfordringar i sektoren for helse og omsorg.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i formannskapet - 22.08.2017

Månadsrapporten for juni 2017 vert teken til vitende.

PS 134/17 Orienteringssaker

OS 114/17 Eigenkapitaltilskot til KLP 2017

OS 115/17 Informasjon om busetting av flyktningar i 2017 og 2018

OS 116/17 Informasjon om endringer i ekteskapsloven – Kommunale vigslar

OS 120/17 Orientering frå teknisk sektor om tryggingstiltak ved bade plass på Årneset

Ordføraren orienterte.

Teknisk sjef Rune Totland orienterte om tryggingstiltak, som er planlagt til neste badesesong ved Årneset. Formannskapet drøfta saka og kom med innspel til moglege tiltak for sikring av badeplassen.

OS 117/17 HVO Mediefag - PROGRAM - INNSTILLING FRÅ ROMGRUPPA 28.JUNI 2017 - Mediebygg

Handsaming:

Dokument delt ut i møtet:

Campusutvikling på høgskulen i Volda - Byggjeprogram - høyring.

- Høyringssvar frå Volda kommune 04.07.2017
- Byggeprogram
- Spesialleveranse til kulturhusprosjekt

OS 118/17 Årsbudsjett 2018 - Økonomiplan 2018-2021 - Budsjettrundskriv nr 1

Det vert arbeidsseminar for formannskapet 05.10.2017. Agenda for seminaret vert arbeid med investeringsbudsjettet.



VOLDA KOMMUNE

OS 119/17 Prosjektrapport - Destinasjon Volda kartleggingsprosjekt frå Volda Næringsforum

Handsaming:

Asbjørn Moltudal var til stades under handsaminga av saka.

Formannskapet drøfta saka, og kom med synspunkt til det vidare arbeidet.

OS 121/17 Folkestad ferjekai - toalett

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om status i saka, vedkomande tilgang til toalett på ferjekaia på Folkestad. Ordføraren vil arbeide vidare med saka.

Møtet slutt kl. 15.10

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
23.08.2017

Sonja Håvik
konsulent